



Siri Østrem  
Bjørnsonsgate 5  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1850 - 14/19878

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
02.09.2014

## Avgjerd om å ikkje forfølgje ulovlege tilhøve på eigedommen - gbnr 108/79 Lindås

Lindås kommune føretekk opprydding i eldre sakar knytt til ulovlege tilhøve.

Oversiktsfoto vis at det er etablert ein bod nordvest for eksisterande hytte. Ein kan ikkje sjå at det er sendt inn noko søknad for tiltaket. Det vert vist til tidligare korrespondanse i saka, der det frå Dykk blant anna er vist til at ein meiner at det ikkje er føreligg noko ulovlege tilhøve.

Oppføring av bod er i utgangspunktet ikkje søknadspliktig i seg sjølv. Men søknadsplikt for tiltak vert utløyst når dei er plassert innanfor 100 metersbeltet til strandsona. I tillegg krev tiltaket dispensasjon, og kan derfor være i strid med omsyn knytt til vern av strandsona. Det er difor uomstridt at tiltaket krev søknad etter plan- og bygningslova. Lindås kommune ser i utgangspunktet strengt på ulovlege tilhøve som er knytt til strandsona.

På den andre sida går fram av plan- og bygningsloven § 32-1 at:

*«Kommunen skal forfølge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven. Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå frå å forfølge ulovligheten. Beslutning om dette er ikkje enkeltvedtak.»*

Kommunen har med heime i denne regelen mogelegheit til å avstå frå forfølging der kommunen finn at dei ulovlege tilhøva er av «mindre betydning». Lindås kommune har på bakgrunn av ei heilskapsvurdering basert på skjønn, konkludert med at ein i denne konkrete saka vel å avstå frå å forfølgje dei ulovlege tilhøve knytt til den oppførte boden på eigedommen.

Det vert gjort merksam på at denne avgjerda ikkje fører til at tiltaket er lovleg og i samsvar med plan- og bygningslova. Om dykk ynskjer å få brakt tilhøvet i lovlege former, er det høve til å senda inn komplett søknad etter plan- og bygningslova kapittel 20. Søknaden vert då handsama ut frå gjeldande plangrunnlag og regelverk.



Avgjerd etter pbl. § 32-1 er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

Christine R. Revheim-Hansen  
Konsulent på vegne av Lindås kommune

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Siri Østrem

Bjørnsonsgate 5 5059

BERGEN